

Reglement for kyrkjeleg folkevalde sine arbeidsvilkår

(Vedtak Ål kyrkjelege fellesråd 15. mai 2019)

1. Refusjon for tapt arbeidsinntekt

- a. Refusjon for tapt arbeidsforteneste blir normalt berre gjett for møter mellom kl. 08.00 og 17.00 etter godkjenning fra Ål kyrkjelege fellesråd.
- b. Ulegitimere krav fra sjølvstendig næringsdrivande, heimeverande og andre utan lønnsinntekt vert utbetalt med kr. 150 pr time.
- c. Refusjon av dokumentert tapt arbeidsforteneste kan dekkast med inntil kr. 250 pr time.
- d. Utgifter til innleidt hjelp for pass av born, sjuke- og funksjonshemmede vert refundert etter dei same vilkåra som refusjon av tapt inntekt.
- e. Offentleg tilsette, pensjonistar og andre som beheld fast lønn i møtetida har ikkje rett på godtgjering for tapt arbeidsinntekt. (Godtgjersla gjeld for tapt arbeidsinntekt, ikkje for tapt fritid.)

2. Skyss, kost og overnattingsutgifter

- a. Folkevalde kan få refundert utgifter til skyss etter gjeldande satsar i KA sitt reiseregulativ. Det blir normalt ikkje utbetalt reiserefusjon for køyring opp til 6 km t/r.
- b. Kost og overnatting blir dekt etter rekning.

3. Leiargodtgjersle og møtegodtgjersle.

- a. Leiar av soknerådet får ein fast årleg godtgjersle på. Kr 12 000. Nestleiar får ein fast årleg godtgjersle på kr. 4 000.
- b. Leiar av fellesrådet får ein fast årleg godtgjersle på kr. 12 000. Nestleiar får ein fast godtgjersle på kr. 4 000.
- c. Det vert utbetalt møtegodtgjersle med kr. 350 for sær møter og kr. 600 for kombinasjonsmøter.
- d. Møter i arbeidsutval inngår i den faste godtgjersla for leiar og nestleiar. Det blir godtgjort også for møter i arbeidsutvalet for den som møter i tillegg til leiar og nestleiar.

4. Ymse

- a. Kyrkjeleg fellesråd gjer vedtak om reglement for kyrkjeleg folkevalde sine arbeidsvilkår.
- b. Godtgjersla blir utbetalt ein gong i året. (Desemberlønn.)
- c. Reglementet gjeld med verknad frå og med andre halvår 2019 og ut den påfylgjande soknerådsperioden.
- d. Reglementet blir justert mot slutten av neste soknerådsperiode.